

NYHENDEBREV SUMAREN 2012

FORSKERFORBUNDET VED
Fagpolitisk forening for midlertidig
ansatte arkeologer - MAARK
Leder Ingar M. Gundersen
ingar.gundersen@maark.no
maark@maark.no
www.maark.no

Kjære medlem av MAARK!

Sumaren er ofte ei travel periode for arkeologar. Mange opplever å få fleire korte kontraktar i samband med prosjektbasera arkeologiske utgravingar eller registreringar, sjølv om dei likevel kan vere tilsett samanhengande over heile eller delar av vår, sumar og haust. MAARK vil arbeide for at det blir gjeven lengre kontrakter, sjølv om arbeidet kan gå føre seg på fleire prosjekt. Dette vil betre for kvardagen og tilhøva for mange arkeologar, blant anna ved å gjere arbeidssituasjonen meir føreseieleg og gjere det mogleg å ta ein sjukedag utan legeattest. Det vil også føre til at arbeidsgjevar lettare kan halde på fagkompetansen som blir opparbeid, det vil òg auke kvaliteten på arbeidet som blir utført.

Tilstandsrapporten

Som ein vidareføring av kartleggingsundersøkinga som vart sluttstilt i vinter, blir det arbeidd med ein tilstandsrapport om situasjonen for mellombels tilsette arkeologar. I samband med denne rapporten har det blitt gjennomført ein spørjeundersøking. I denne undersøkinga vart blant anna løn og pensjonsvilkår tatt opp. Tine Schenck som arbeider med tilstandsrapporten på oppdrag frå MAARK melder om ein god respons frå spørjeundersøkinga. I tillegg har det blitt gjennomført fem gruppeintervju frå dei ulike regionane i landet. Tine har også intevjua ei rekke lokale tillitsvalde for Forskerforbundet i fylkeskommune, privat sektor og stat.

Arbeidet med rapporten er i slutfasen, og det er allereie fleire moment som fremjar bekymring. Som at mellombels tilsette veldig sjeldan får delta i lokale lønsforhandlingar, sjølv om dei er direkte plassert i lønsspennet. Vidare blir det nesten aldri gjennomført medarbeidersamtaler, det er få tilbod om kompetanseheving og problem med utrekning av ansiennitet.

Tilstandsrapporten, i tillegg til kartleggingsundersøkinga, vil vere dokument som gjev eit heilskapeleg bilete av arbeidslivet for mellombels tilsette arkeologar anno 2010-2012. Dette vil vere særskilt viktig i arbeidet til MAARK i tida framover.

Symbolkonkurranse



Vår symbolkonkurranse, som me lanserte i førre nyhendebrev, held fram. Me har fått inn nokre bidrag, men tek gjerne i mot fleire. Du kan også sende inn utkast til symbol, gjerne med ein setning om tanken bak. Vinnaren blir premiert.

Me tek i mot forslag på vår e-post: maark@maark.no.

Anna

- MAARK vil minne om at det er viktig å melde seg inn i lokallaget til Forskerforbundet der ein arbeider. Dette gjer ein på "Min side" på Forskerforbundet sin nettstad: <https://portal.forskerforbundet.no/>. Ved å melde seg inn i lokallaget blir ein synleg for lokale tillitsvalde, noko som er avgjerande for at tillitsvalde kan yte støtte også til mellombels tilsette.
- MAARK mottek frå tid til annan førespurnader frå medlemmer med spørsmål om deira arbeidssituasjon. Me hjelper til med informasjon og råd, og vidarebringar kontakt med jurister eller andre i Forskerforbundet. Alle førespurnader blir sjølvstilt handsama konfidensielt. Me oppmodar våre medlemmer om å ta kontakt med MAARK om dei finn seg i situasjonar der dei har behov for råd eller hjelp. Kontakt MAARK-styret på e-post; maark@maark.no, eller leiar Ingar M. Gundersen; ingar.gundersen@maark.no.

Beste helsing frå styret i MAARK!